



Statens vegvesen Region vest
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1633 - 18/13607

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
21.06.2018


Søknad om skilting av parkering forbudt og stans forbudt

Søknaden gjeld delar av KV46 Mjåtveitvegen og Frekhaug kai i Meland kommune.

Meland kommune har problem med kantparkering langs KV46 Mjåtveitvegen. I 2017 kom det på plass ein ny offentlig parkeringsplass som skal tene parkeringsbehov til reisande med hurtigbåt og besøkande til nærliggjande friluftsområde. Sjølv om den nye parkeringsplassen har god kapasitet, observerer kommunen at mange bilistar framleis parkerar langs vegen. Mjåtveitvegen er smal, og parkering langs vegen kan skape trafikkfarlege situasjonar grunna redusert sikt og innsnevra køyrebane.

Meland kommune held også på å trafikksikre og legge til rette for buss avganger frå Frekhaug kai. Det har i lengre tid vore problem med at bilistar parkerar utanom oppmerka felt på kaien, og kommunen ønskjer no at det vert skilta all stand forbudt utanom oppmerka felt på Frekhaug kai. Dette vil vere viktig for framkomeligheit for buss, køyrande og mjuke trafikkantar. Det er laga til eigen skiltplan for kaien som ligg vedlagt.

Etter skiltforskrifta § 28 er regionvegkontoret (Statens vegvesen) mynde for trafikkregulerande skilt 370 og 372. Meland kommune vil be Statens vegvesen om å skilte delar av Mjåtveitvegen parkering forbudt og skilte Frekhaug kai med stans forbudt utanom oppmerka felt. Forslag til strekning som bør skiltast parkering forbudt langs Mjåtveitvegen er vist i raudt i kartutsnittet på neste side. Ønske om skilting på Frekhaug kai er vist i vedlagt skiltplan.



Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skiltplan Frekhaug kai

Mottakere:

Statens vegvesen Region vest

Region vest

6861

LEIKANGER